

HANDLINGSPLAN 2021 FOR BONDEUNGDOMSLAGET I OSLO

EIN HEIM

Bondeungdomslaget i Oslo er ein frilyndt kultur- og idrettsorganisasjon med aktivitetar innan folkedans, teater, musikk, idrett og språk.

VI SKAL

- vere ein heim, og skape fellesskap og samhald på tvers av bakgrunn og alder
- vere eit lag der medlemmane utviklar seg som sjølvstendige og fellesskapsorienterte menneske
- vere ein arena for aktivitet, språk, mangfald og demokratibygging
- vere ein synleg aktør med ei tydeleg stemme i utviklinga av lokalmiljøet i Oslo

BUL har svekka økonomi som følgje av koronaviruset. Laget må difor tilpasse aktiviteten og ambisjonsnivået, og planlegge ut frå ein usikker økonomisk situasjon.

HOVUDPRIORITERINGAR I 2021

- Trygge det langsiktige inntektsgrunnlaget til BUL gjennom forsvarleg drift av BHAS. Likviditetsoverføring skal ikkje vere høgare enn nødvendig.
- Laget skal sikre likviditeten og ha minimal pengebruk så lenge det er nødvendig.
- Sikre grunnlaget for aktivitetane i særлага, hyttene og nemndene og drift av huset, og gi tilskot når det er rom for det.

Det kan løyvast pengar til investeringar og ekstraordinære tiltak i 2021 om det er økonomisk rom for det.

Ut frå økonomisk handlingsrom og tilgjengelege ressursar kan følgjande tiltak settast i verk:

1. MEDLEMSORGANISASJONEN

- ❖ Frå og med 2021 tilbyr vi redusert kontingent for alle medlemmer under 27 år og honnørmedlemmer.
- ❖ Vi skal gi tillitsvalde tilgang til verktøy i Office 365-pakken som til dømes Teams, og vidareutvikle bruken av økonomi- og rekneskapsystemet Xledger. Dette skal gjere drifta lettare for både lagskontoret, styret og kasserarar i særлага.
- ❖ Vi skal bidra til å styrke kompetansen i laget gjennom kurs o.l.

2. AKTIVITETAR

Hovudlaget

- kan ta initiativ til tilskipingar, og sette i gang arbeid med aktivitetar som er tenlege for heile laget, dersom det er økonomisk rom for det. Vi skal også sørge for gode og trygge rammer for aktiviteten til laget.
- skal sette ned ei arbeidsgruppe som skal starte førebuing mot 125-årsjubileet til BUL, som er i 2024. Grappa skal vurdere korleis jubileet skal markerast, sjå etter moglege

samarbeidspartnarar, undersøkje kjelder til økonomiske stønad, og sette i gang ev. prosjekt der det er hensiktsmessig å starte i god tid.

- skal markere heiderslagsmedlemmene som blei utnemnd i 2020.

Idrottslaget

- ❖ skal arbeide for å rekruttere fleire barn og unge med ulik bakgrunn
- ❖ skal arbeide meir for å auke foreldreengasjementet og dugnadsinnsatsen
- ❖ skal skipe til Sentrumsløpet, vår- og/eller hauststemne og vere medtilskipar av Bislett Games gjennom Bislett Alliansen
- ❖ skal utvikle tilbodet for psykisk utviklingshemma

Leikarringen

- ❖ skal vidareutvikle barne- og ungdomstilboda BULder og Brak og TrøBUL
- ❖ skal gjennomføre fleire uteaktivitetar når smitterestriksjonar held oss frå å arrangere inne
- ❖ skal stø opp om eksterne arrangement når vi ikkje sjølv får arrangert
- ❖ skal arrangere digitale øvingar og arrangement gjennom året
- ❖ skal fokusere på å skipe til aktivitet som stimulerer til samhald mellom medlemene i Leikarringen

Songlaget

- ❖ skal syngje på markering av heidersmedlemmer i regi av BUL
- ❖ skal synge på institusjon på 17. mai
- ❖ skal ha sommarkonsert 13.6.
- ❖ håpar på tradisjonell julekonsert i desember
- ❖ skal starte å jobbe fram ein tydelegere profil/langtidstrategi for blest/rekruttering

Teaterlaget

- ❖ skal gjennomføre faste vekentlege øvingar, fysisk eller digitalt
- ❖ har mål om framsyningar i mai og desember dersom smittevernssituasjonen tillèt det.
- ❖ legg opp til å ha eit variert repertoar for ei gruppe på 20-25 skodespelarar
- ❖ skal ha kurs og samlingar for å bygge laget og auke kompetansen
- ❖ har ein ambisjon om å få omsett eit teaterstykke til nynorsk
- ❖ ynskjer at medlemer deltek i prosjekt knytt til Nynorskens hus

Målnemnda

- ❖ skal halde nynorsk kurs og arrangere og ta del i kulturtilskipingar
- ❖ skal hjelpe til med språkrøkt i laget og forretningane
- ❖ skal skipe nynorsk inspirasjonsdag på Det Norske Teatret

Nynorskens hus

- ❖ skal gjennomføre kurs i laget, basert på ei kartlegging av kva kurs det er interesse for, t.d. nynorsk kurs, kurs i søknadsskriving eller korleis kome i media
- ❖ skal halde litterære salongar/samtaler i Kaffistova
- ❖ skal utføre testframføringar av eit nytt konsept i Kaffistova: kabaret / kulturell møteplass, med folk i særлага: innslag som dikt, opplesing, trylling, kviss o.l.
- ❖ skal førebu større prosjekt for 2022

3. EIGEDOM OG FORRETNINGSDRIFT

Lagsområda

- ❖ Laget skal arbeide med utvikling av utleige, utan at det går utover aktiviteten til særлага. Ekstern utleige skjer primært fredag–sundag eller på dagtid vekedagar.
- ❖ Laget skal halde lagslokala og teknisk utstyr godt ved like.
- ❖ Laget skal lage ein langsiktig vedlikehalds- og investeringsplan.

Hyttene

- ❖ Bondehytta og Røkleivhytta skal gjennomføre nødvendig vedlikehald.

Forretningsdrift

- ❖ Laget skal vere ein god og aktiv eigar av Bøndernes Hus AS for å sikre god avkasting på den investerte kapitalen i forretningsverksemda og ei stabil inntekt til laget.
- ❖ BHAS er sterkt påverka av koronapandemien. Det totale uttaket skal ikkje svekke den økonomiske situasjonen til forretningane.

4. SAMARBEID

- ❖ Laget skal vere aktivt i Noregs Ungdomslag og Noregs Mållag, nasjonalt og på fylkesnivå.
- ❖ Laget skal vere ein god og aktiv deleigar i LL Det Norske Teatret og Den mangfaldige scenen AS og bidra til vidareutvikling av verksemdene.
- ❖ Som ein av stiftarorganisasjonane skal laget følge opp Norsk Barneblad og Dag og Tid.